

Årsmelding for 2025 - OIL friidrettsgruppa

Styret i 2025 har vore:

Leiar: Bjarte Lohne (2025)
Nestleiar: Åse Bergheim (2025-2026)
Kasserar: Kristine Høylo (2025-2026)
Styremedlem: Karoline Vik (2025-2026)
Styremedlem: Jonas Lillejord (2025-2026)
Styremedlem: Anne Lise Leiren Mastervik (2024-2025)
Styremedlem: Tore Hannisdal (2024-2025)
Valnemda har vore: Helga Reigstad (leiar), Mats-Eirik Elvik og Bjarte Vik.

Arbeidet til styret:

Styret starta med å setja opp nokre konkrete mål og fordela arbeidsoppgåver. Å vidareføra og utvikla tilbodet for den yngste gruppa var høgt prioritert. Elles er det arrangement og dagleg drift som pregar styrearbeidet.

Trivsel er viktig, og sosialnemnda med Anne Lise Leiren Mastervik og Jonas Lillejord har arrangert sesongavslutning med bowling og pizza i Åsane. Det har også vore servering av frukt og drikke på enkelte treningar. I 2025 me har dagnad på Trond Mohn Games og U-23 EM begge på Fana Stadion og ved eit jubileumsarrangement til ein av våre sponsorar Bergen Bygg AS. Alt dette har Helga Reigstad organisert.

Friidrettsgruppa har heldigvis fleire eldsjeler som lettar arbeidet til styret. Me har dyktige og engasjerte trenarar som gjer at den daglege aktiviteten går sin jamne gang. Me har også ein gjeng dommarar og arrangørar som alltid tar i eit tak og er godt drilla. Det er også til stor avlastning for styret at Helga Reigstad tar seg av arbeidet med sponsorar og Craft-utstyr, at Arne Reigstad bestiller reiser og overnatting til leiarar og fellesreiser til stevne, og at Vidar Simmenes trår til med smått og stort arbeid på stadion i tillegg til arrangement og «papirarbeid» med nettside og statistikk. Arne er elles med i plangruppa som arbeider med å utnytta grusarealet ved Osterøyhallen.

Styremøte 2025:

Styret har i 2025 hatt 6 styremøte og handsama 36 saker. Oppmøtet på møta har vore godt, og bortreiste/styremedlemmer som ikkje har kunna møte på Osterøy, har ofte vore med via Teams. Utanom møta har styret tatt opp saker pr. epost eller telefon. Eit av møta var eit lengre arbeidsmøte, der me kombinerte møte med frukost hos leiar.

Økonomi:

Økonomien til gruppa er svært solid, og me har ein god reservekapital i banken. Årsmøtet budsjetterte med balanse, og rekneskapet viser eit overskot på om lag kr.60.000.

Resultatrekneskap med balanse

Rekneskapet ligg som vedlegg til årsmeldinga.

Aktive trenarar i 2025: (høgste fullførte trenarutdanning i parentes)

Mats-Eirik Elvik (trenar 1)
Bjarte Lohne (trenar 2: hopp)
Helga Reigstad (trenar 2 kast, held på med trenar 3)
Arne Reigstad (trenar 2: hopp og kast)
Bjarte Vik (trenar 2: løp, hopp og kast)
Amalie Nithoer Hustrulid (rekruttgruppa)
Dagfinn Gjerstad (rekruttgruppa)

Dommarar og startarar:

Inge J. Reigstad (FD/FS), Arne Reigstad (KD/KS), Karl Johan Reigstad (FD), John Bernes (KD), Randi Kleppe (KD), Bjarne Langhelle (KD), Bjarte Lohne (KD), Harald Løvteit (KD), Helga Reigstad (KD), Sigbjørn Reigstad (KD), Liv Simmenes (KD), Vidar Simmenes (KD), Ann Christin Reigstad (KD), Åse Bergheim (KD), Geir Kleppe (KD), Ingrid Kleppe (KD), Bernt Johan Flæsland (KD), Eystein Markmanrud (KD), Kjetil Stokke (KD), Irene Stokke (KD), Christian Lampe (KD), Jan Magne Langeland (KD), Petter Hennig Sæbø (HA), Annette Bru (KD), Bjarte Vik (KD), Magne Vikne (KD), Terje Simmenes (KD), Karoline Loftås (KD), Torbjørn Simmenes (KD), Markus Loftås (KD), Markus Markmanrud (KD), Trygve Fedje Mjelde (KD), Marit Iren Reigstad (KD), Per Ole Mostrøm (KD), Vegard Trefall (KDA), Dagfinn Gjerstad (KD), Amalie Hustrulid (KD), Helga Reigstad (NAR), Sigbjørn Reigstad (NAR)

Nokre av desse er ikkje med i idrettslaget, men er i «reservetroppen». Å få fleire aktive og foreldre til å ta dommarkurs er nødvendig om gruppa skal ta på seg større arrangement i framtida. Gruppa har elles gjort avtale med Andreas Markmanrud om fast elektronisk tidtaking ved stevna på Hatland.

Medlemsstal for 2025 – betalande medlemmer:

Medlemstilgangen er i «betring» etter kvart som aktiviteten no er «normal» etter år med covid. Medlemsmassen er frå 2022 registrert eit sentralt register med mange alternativ for ulike opplysningar. Oppdatering av deltaking i idrettsgrein etter stevnedeltaking er i stor grad utført i 2025. Det er likevel mange lokale som deltek i stevne utan medlemskap.

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og e.	Totalt
Kvinner 2025	0	27	6	3	26	62
Menn 2025	1	27	10	8	69	115
Totalt 2025	1	54	16	11	95	177
Totalt 2024	0	27	18	8	75	123
Totalt 2023	0	12	25	8	80	125
Totalt 2022	0	1	28	12	78	106
Totalt 2021	0	0	23	11	74	108
Totalt 2020	0	5	28	9	73	115
Totalt 2019	0	15	35	8	75	133
Totalt 2018	0	40	50	11	75	180
Totalt 2017	0	50	40	12	80	182

Medlemsutvikling – betalande medlemmer:

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Kvinner	113	108	102	85	76	75	51	40		36	36	38	62
Menn	126	116	121	119	106	105	82	75		83	89	85	115
Totalt	<u>239</u>	<u>224</u>	<u>223</u>	<u>204</u>	<u>182</u>	<u>180</u>	<u>133</u>	<u>115</u>	<u>108</u>	<u>119</u>	<u>125</u>	<u>123</u>	<u>177</u>

Årsfest 2025:

Årsfesten for 2025 var 8.november 2025 i Klubbhuset på Hatland, med omlag 20 stk som deltok. Her vart det servert pizza og kake. Det vart som vanleg gjort stas på utøvarar som har utmerka seg i løpet av sesongen og i tradisjon tru vart det delt ut 1000 poengsnåler og stimulansepremiar. Sjå utmerkingar under oppsummeringar for sesongen 2025 lenger nede i årsmeldinga. Dette er eit viktig og inkluderande møtepunkt og det er kjekt at det vert arrangert på tvers av alder., frå ungdommar, til veteranar. For 2025-sesongen klarte me å gjennomføra det innan rimeleg tid etter sesongen, noko som var målet frå i fjor.

Anlegg:

OSTERØY STADION grasmatta

Grasmatta har i 2025 hatt «normal» tilgang på regn. Den sjølvgåande grasklipparen som kom på plass frå våren 2022 (gåve frå LOBAS) har også gjort ein god innsats i 2025. Grasmatta er «lufta» og gjødsla. Om vinteren vert klipparen parkert inne i banehuset. Vatningsanlegget er tømt for å unngå frostskaider på leidningsnettet. Grasmatta vert mest nytta til trening og i mindre gradar til kampar. Elles vert grasmatta nytta til trening og kastøvingar.

Kantklipping langs sarg og i kast og hopp områda må framleis gjerast med den bensindrevne klipparen. Her er det normalt inntil 8 klipp pr. sesong. Det er ein god del groe og gras etter kantklipping langs sargkant. Ved gjødsling av grasmatta vert også deler av løpebana gjødsla som ikkje er bra med tanke på groe. Noko av ugraset langs sargen er reinska vekk for hand og dempa med salting. Klipping av gras langs løpebana med klippar. Her bles det og uangåeleg gras ut i løpebana. Klipping i 2025 i hovudsak av Bjarte L og Bjarte V. Det vart og fjerna noko groe langs hoppgrupene 11.10.2025.

OSTERØY STADION løpebaner/sarg/kast/hopp

Løpebana: Det er ein del groe i løpebanene og «slitasje» på merkingar i løpebanene. Dreneringa dei innste løpebanene på oppløpssida er ikkje god. Borehol har sålangt ikkje hatt tilfredstillande resultat. Det er også vannsamling i tilløpa når det er intenst nedbør. Truleg er det mykje opprinneleg tettmasse under bana som gjer at dreneringa sviktar.

Sarg: Etter sist banevasken i 2024 vart ikkje sarg lagt på plass. For kvar banevask er det vorte meir og meir utfordrande å få på plass sargen att. Sargen er kompensert med kjegler. Det fungerer tilfredstillande. All sarg vart samla inn og lagra terrasseområdet ved stadionbygget 11.10.25. Lause sargdelar samla inn og lagra i lagerdelen i banehuset 11.10.2025.

Kastburet: Her er framleis fleire snorer nede og i varierende tilstand. Kastnota i buret vart ikkje vore teke inn i 2024 og har tilsynelatande ikkje teke skade av vinteren. Det er utfordringar frå tid til annan at «uvedkomande» heiser/senkar nota med hell/uhell. Innlegga i kastringen som er lagra under terrassen er i dårleg tilstand. Det eine av dei 2 innlegga som var i mest nedrusta vart levert til BIR 11.10. 2025. Kastnota vart og teken ned og lagra under terrassen 11.10.2025.

Kulering/kastsektor. I kastsektor er det mykje groe som er krevjande å halda i sjakk. I samband med kaststevne vert noko av gras/groe fjerna. **Endringar i spydtypar** bestemt av høgare og andre makter. Noko som utsett til 1.11.2025 då produksjon av nye spyd er seinka. Utan at eg har sett meg inn i det kan det vera spyd Osterøy også må kjøpa til bruk frå 2026.

Høgdestativ og hus: ok. Ved sterk vind m.m. litt på litt «vandring».

Stavmattehuset fekk i 2023 eit enkel stengsel som har minka at huset vert brukt til «opphaldsrom» for skuleelevar. På grunn av vind m.m. er så vel stavhus som høgdehus av og til litt på litt «vandring». For stavhuset er dette mindre bra p.g.a. hjula platene står på for å hindra skade i kunstdekket.

Lås/Stengsel i stavhus er broten opp. Stengsel utan lås vart sett attende 11.10.2025.

BANEHUSET lagerdelen inne:

Her er det meir ryddig i friidretsområdet enn det har vore på lenge. Tredemølle bør inn i varmestova sjølv om den ikkje er ferdig «oppussa». Det vart fjerna og rydda i friidrettsdelen 11.10.2025. Mykje rot og skrot vart kjørt til BIR. I den innste lagerdelen (boklager m.m.), her er det svoltne mus som flyttar inn om vinteren. Her er det ønskeleg med litt rydding. Elles vert

banehuset nytta til lagring av anna utstyr til vedlikehald m.m. av idrettsbana/huset m.m. Her er det og mogleg med betre utnytting/rydding.

BANEHUSET varmestova:

Toalettrom i varmestova bør fjernast eller få anna bruk. Litt meir hylleplass i varmestova slik at påmeldingsutstyr m.m. kan vera tilgjengeleg der. Det har blitt malt i løpet av

BANEHUSET utvendig lager under terrassen:

Utstyr her er berre delvis verna mot ver og vind. Tilstand på hekkar og hekkevogn. Hjula til vognene er i «tvilsam» forfatning. Det er truleg nok inntakte hekkar til 2-3 baner. Den eine trallevogn, fleire defekte hekkar og andre ting som ikkje er i bruk lenger vart levert til BIR 11.10.2025. På sikt er det ønskje om at det vert bygd ein tett lagerdel under terrassen slik at spesielt vinterlagringa av utstyr vert betre.

BANEHUSET tidtakarbua 2. etasje:

Her vert også batteri m.m. lada. Her vert også utstyr m.m. til tidtaking lagra.

Sportsleg aktivitet 2025:

Rekruttgruppa :

Gjennom heile 2025 har det vore stor stabilt oppmøte på treningane. Denne gruppa består for det meste av gutar mellom 3.-6.trinn, det er få jenter. pr. i dag. Det er i dag omlag 15-20 på treningane. Borna kjem i hovudsak frå Lonevåg, Hauge, Valestrand og Hjellvik.

Etter at Amalie Hustrulid og Dagfinn Gjerstad gav seg om trenarar sommaren 2025, tok Bjarte Lohne og Sigbjørn Reigstad over.

Gjennom sesongen har dei delteke på friidrettstevne i Haus og Osterøy stadion. Hopp utan tilløpstevnene i Osterøyhallen har inngått i treningane deira.

Hausten 2025 ved oppstart på innetrening i Osterøyhallen, hadde Åse Bergheim eit foreldremøte der det vart tatt opp saker som t.d. medlems- og treningsavgift, samt informerte om viktigheten med å melde borna inn som medlemmer pga forsikringa. Det vart også tatt opp at det er viktig at foreldre deltek aktivt på sidelinja og hjelper til når det trengs. Me informerte også om rabattavtalen på Sport 1, samt litt praktisk om korleis me tenker rundt treningane. Det var godt oppmøte, omkring 20 foreldre var tilstades.

Det har ikkje vore organisert trening for denne aldersgruppa i Haus, men deltakinga på stevne har likevel vore god.

Under Fristafetten i april 2025, stilte Osterøy med eit rekruttlag som tok 6.plass og eit lag gutar 11-14, dei vart nr. 19.

Yngre ungdomsgruppe:

Denne aldersgruppa har sesongen 2025 hatt treningar måndagar på Hatland. I starten av året hadde vi også trening onsdagar, enten i Leikvanghallen eller på Hatland. Første halvdel av året var det gutar i 2009-årgangen som var i treningsgruppa, men dei fleste av dei slutta til sommaren. Etter sommaren har treningsgruppa bestått av 4 jenter og 2 gutar i født i 2012 og 2013.

Gruppa har ikkje konkurrert mykje, men det har vært noe deltaking i konkurranser lokalt på Osterøy. I tillegg har nokre utøvara vore med på konkurranser utanfor Osterøy, deriblant Even Mathisen og Sigurd Kverndal Reigstad.

Under NM 2025 på Askøy fekk Even Mathisen og Linnea Setre Bernes delta på ungdomsstafett 4x200m under NM på Askøy. Dette var ei stor oppleving og sendt i på NRK. Dette gav meirsmak og comeback for Even.

Gutar og jenter 16-19 år

I kretsserien rykte gutelaget opp til elitedivisjon i Hordaland friidrettskrets før sesongen 2024. Dessverre vart det nedrykk etter sesongen 2025 med 8. plass og 38 996 poeng på 55 resultat. Som tidlegare år er det resultat på hekk som manglar. Jentelaget vart nr. 5 i 2. divisjon med 15 469 poeng på 28 teljande resultat. Også for 2026 må målet vera å få utøvarane til å stilla i fleire øvingar, noko som vil sikra mange seriepoeng. Med sine 8 teljande resultat på serien er unge Matias Hanstveit Nygård eit godt føredøme. Nokre få av våre aktive var på ein vellukka treningsleir til Kreta med trenarane Bjarte Lohne og Arne Reigstad på vårparten.

Vegard Høylo Trefall (f. 2006) var som året før vårt sterkaste kort i denne aldersgruppa. Han gjekk no siste året ved toppidrettslinja Tertnes vgs. Vegard sette lagsrekord for senior på 600m både innandørs og utandørs, og på 800m med 1.50,85 på Osterøy Stadion. Han fekk også ein sterk pers på 400m med 48,17, eit løp som gav UM-bronse og heile 1089 Tyrving-poeng. På 800m fekk han UM-sølv, og under junior-NM på Fana Stadion gjekk han heilt til topps i U20-klassen. Vegard gjorde også ein formidabel innsats i Hovud-NM på Askøy og vart nr. 6 i 800m-finalen etter tre løp på to dagar. Helga før NM vart han nr. 4 i Nordisk juniorlandskap i Sverige. Etter den gode sesongen vart Vegard Trefall tatt ut på U23-landslaget i 2026 og var 14 dagar på haustsamling med landslaget i Portugal.

Også i 2025 var Dagfinn Gjerstad (f. 2006) ein del sjukdomsplaga, men kom seg i godt vårslag og sprang under NM-kravet i mai med 8.34,02 på 3000m. NM-innsatsen på Askøy bar preg av at han kom direkte frå vel ein månads ferierundtur til fjerne strøk. Han hadde elles to bra 800m på 1.58-talet dette året og debuterte som 2000 m-hinderløpar med UM-gull på hausten. Dagfinn byrja på eit 5-årig studieløp i Trondheim om hausten.

Eirik Reigstad (f. 2007) har vore lagets mest allsidige og konkurranseivrige guteutøvar gjennom fleire år. I 2025 har Erik spesialisert seg meir i lengde og høgde, og persa i lengde til 6,53 inne og 6,45 ute og 1,83 i høgde. Eirik gjorde mange forsøk, men mangla det vesle som skulle til for å kvalifisera seg til Hovud-NM i lengde. Under UM i Stordal fekk han bronse i øvinga med pers.

Junior U23 og senior

I landsserien rykte herrelaget ned frå 2. divisjon etter 2024, men stod for ein gledeleg rask retur etter 1. plass med 14 505 poeng på 20 resultat. I 3. divisjon kvinner enda Osterøy med 3660 poeng på 13 av 20 mogelege resultat.

2025-sesongen starta sterkt med 3.plass på FRI-stafetten på Arna stadion, bak Gneist og Gular, berre tre sekund skilte dei tre laga på pallen.

I den tradisjonsrike Ask-stafetten ein månad etterpå, vart det ein historisk siger. Ikkje sidan 1971 har Osterøy vunne. Det vart ein svært spanande duell, med heile 3 etappesigarar, før Vegard Trefall spurta inn til siger.

Også i 2025 var Trygve Feidje Mjelde (f. 1994) vår beste seniorutøvar, og han vart kåra til Årets utøvar for 5. år på rad. Sesongen byrja strålande med eit historisk NM-gull i 3 km terrengløp på Bjerke travbane. Trygve hadde også ein formidabel sterk banesesong med lagsrekordar på 1500m (3.45,23), 3000m (7.59,73) og 5000m (13.46,84). Trygve vart første ostring under 8 min på 3000m og under 14 minutt på 5000m og gjorde også sine beste plasseringar i Hovud-NM med 6. plass på 5000m og 7. plass i 1500m-finalen. Trygve imponerte elles med 1.51,88 på 800m etter minimalt med tempotrening i beina. Tida 30.01 på 10 km gateløp under Oslo maraton i september er elles den beste tida av ein ostring i godkjent løype.

Magnus Reigstad (f. 2003) snuste på 7-meteren i lengde i fleire stevne, og enda med 6,95 som beste resultat frå Hardanger Friidrettsfestival. Magnus har vore vårt sikraste medaljekort på UM og junior-NM opp gjennom åra og svikta heller ikkje i sin siste juniorsesong. På Fana Stadion i august tok han sitt 4. sølv i junior-NM. Under Hovud-NM på Askøy vart det dessverre ikkje klaff. Då

Magnus endeleg skulle sleppa seg laus på løpsdistansene i september, enda det med 22,95 på 200m og skulderskade etter eit fall over målstreken. Magnus viste elles ypperleg løpsform på 1. etappen på Askstafetten 1. mai og la der grunnlaget for ein historisk sterk siger. Etter sesongen signaliserte Magnus nedtrapping av lengdesatsinga, men han har halde løpsforma godt oppe i vinter og vår.

Milslukaren Jonas (f. 1998) satsa veldig mykje på Bergens City Maraton siste helga i april og lukkast der med 3. plass og lagsrekord med 2.29,12. Jonas passert halvvegs på 1.12,27 og har nok endå meir inne i åra som kjem. Kroppen fungerte ikkje optimalt under Hovud-NM på Askøy, og på 5000m gjekk Jonas på ein kraftig smell og kom inn på 15.32,31. Dessverre enda oppkøyringa til Valencia maraton i desember med ryggskade, men i skrivande stund er Jonas i gang att med løpstrening.

Etter å ha vore ute med langvarig kneskade, gjorde Markus Loftås eit fint comeback på gateløp i 2024, og heldt fram den fine utviklinga våren 2025 med gode stafettappar, 31.12 på Drammen 10 km og 3. plass på BCM med 1.11,55. Sommarens bryllaupsreise til Sri Lanka førte til langvarig sjukdom som sette Markus ut av spel resten av sesongen, men det ser lyst ut for 2026. Av mannlege seniorløparar elles kan ein nemna treningsvillige Daniel Hansen Bruvik (f. 1996) med fine resultat om våren på bane og veg. Dessverre øydela ein skade det som såg ut til å bli ein sterk haustsesong.

Kvinnelege utøvarar har vore ei mangelvare dei siste åra. Osterøy IL fekk eit gledeleg tilskot i Ingrid Gaarder (f. 1997) før sesongen. Ho sprang sterke 1.18, 26 på halvmaraton i Barcelona i februar, og fekk ein fin 4. plass under Bergen Fjellmaraton. Dessverre sleit ho ein del med kneskade utover våren og sesongen. Ho gjorde eit tappert forsøk på å ta NM-kravet på 5000m, men enda litt bak med 18.11,0.

Tidleg om våren såg det lovande ut for Nora Bergan (f. 2004), men dessverre vart også 2025-prega av skadar. Nora har vore på juniorlandslaget dei siste åra, men vart ikkje tatt ut i 2026. Me håpar ho vil halda fram satsinga og at ho kjem sterkare att og får uttelling for tolmod og all alternativ trening. Nora studerer fysioterapi i Trondheim.

Ved inngangen til 2026-sesongen har Osterøy IL sju utøvarar med kontrakt. Dette er Trygve Feidje Mjelde, Jonas Lillejord, Nora Bergan, Dagfinn Gjerstad, Vegard Høylo Trefall, Markus Loftås og Espen Roll Karlsen, som kom frå Gneist ved årsskiftet. For første gong på fleire år stiller Osterøy lag i menn senior i Holmenkollstafetten 9. mai.

Veteranar/Master

Menn veteran vart nr. 11 i landsserien 1. divisjon med 10 905 på 20 resultat, omtrent som året før. Kvinnene vart nr. 2 i 3. divisjon og rykte opp med 3366 poeng på 10 resultat. I år som i fjor vart John Bernes og Randi Kleppe våre største poengskårarar i serien.

Veteranklassen, eller master som no er det offisielle namnet, samlar ikkje like mange stafettlag som tidlegare, men Osterøy markerte seg med 1. plassar både i Fristafetten og Askstafetten for menn.

Bodil Hjellvik Askeland (f. 1963) er mellom dei som satsar på deltaking i master-stevne og meisterskap. Innandørs fekk ho NM-gull på 800m og sølv på 200m og 800m i Nordisk meisterskap. Dessverre spolerte skadar utandørssesongen. I år var allsidige John Bernes (f. 1944) vår mann under NM i Kristiansand, og han kom heim med to gull og ein bronse.

Det er spesielt lange løp som fengjer dei fleste veteranane våre. Team Batti har eit tilbod og miljø som mange trivst med, og det er relativt mange som legg ned solide treningsdosar. Desse deltek hovudsakleg på gateløp og i noko mindre grad på bane. Under NM 5 km gateløp i Knarvik deltok ein god gjeng, og her innkasserte Øyvind Bjordal (f. 1972) og den ferske veteranen Henrik Revheim (f. 1989) sølv. Spesielt Henrik hadde ein svært god sesong med m.a. 9.06 og 15.49 på 3000m og 5000m bane, og ei rekkje råsterke gateløp, ikkje minst 14.20 på klassikaren Valestrandsmarka rundt og 1.13.32 på halvmaraton. Marius Hauge (f. 1985) hadde også fleire gode løp før han flytta til

USA etter sommarferien. Nemnast må også Tor-Henning Erdal med god framgang der han spesielt imponerte med maratontida 2.48.09 i Fana i desember.

Statistikk for 2025-sesongen:

U23 landslaget.

Nora Bergan (trenar Bjarte Vik) på U-23 landslaget i 2024. Grunna skader har ikkje sesongen vore «normal». Ho var også på U23-landslaget for 2025. Vegard Høylo Trefall er teken ut på Norges juniorlandslag 2026.

STAFETTDELTAING med fleire Osterøy IL pallplassar.

Menn senior Osterøy nr. 3 på 11,38,25	Fristafett	250402
1. 600m Vegard Trefall 1,23,45		
2. 300m Magnus Reigstad 35,99		
3. 1170m Markus Loftås 3,08,58		
4. 1480m Trygve Feidje Mjelde 4,00,87		
5. 820m Jonas Lillejord 2,05,97		
6. 200m Eirik Reigstad 23,39		
Kvinner senior Osterøy nr. 6 på 17,12,60	Fristafett	250402
1. 600m Sanna Håland 2,00,59		
2. 300m Siri Hauge 50,86		
3. 1170m Bodil Hjellvik Askeland 4,52,15		
4. 1480m Annelin Lunde 5,54,52		
5. 820m Irmelin Berentsen 3,04,44		
6. 200m Sigrid Bru Reigstad 30,04		
Menn veteran +35 år Osterøy nr. 1 på 13,33,52	Fristafett	250402
1. 600m bane: Alf Erik Johannessen 1,42,05		
2. 300m bane: Mats-Eirik Elvik 49,11		
3. 1170m bane, asfalt, gras, grus: Marius Hauge 3,35,77		
4. 1480m asfalt, grus, asfalt: Henrik Revheim 4,29,84		
5. 820m gras, grus, asfalt, bane: Øystein Horsås 2,24,83		
6. 200m bane: Kjetil Monstad 31,92		
Menn superveteran +45 år Osterøy nr. 1 på 14,45,36	Fristafett	250402
1. 600m bane Frode Langhelle 1,49,43		
2. 300m bane Kjetil Monstad 49,04		
3. 1170m bane, asfalt, gras, grus: Heine Solberg 3,49,63		
4. 1480m asfalt, grus, asfalt: Øyvind Bjordal 4,58,68		
5. 820m gras, grus, asfalt, bane: Tore Hannisdal 2,48,58		
6. 200m bane: Arne Reigstad 30,00		
Osterøy IL Menn superveteran 45+ gull 6,57,4	Askstafett	250501
1. 382m Arne Reigstad 1,07,0		
2. 593m Gisle Raknes 1,46,6		
3. 942m Sigbjørn Reigstad 3,28,8		
4. 225m Bjarte Vik 35,0		
Osterøy IL Menn senior gull 14,53,4	Askstafett	250501
1. 670m Magnus Reigstad 1,34,2		

2. 1167m Markus Loftås 3,20,0		
3. 407m Eirik Reigstad 57,4		
4.1568m Trygve Feidje Mjelde 4,19,3		
5. 1167m Dagfinn Gjerstad 3,13,0		
6. 593m Vegard Høylo Trefall 1,29,5		

BANESTEVNE:

Dei 2 banestevna i Haus har god deltaking i dei yngste klassane med totalt 267 resultat og er viktig for rekruttering til friidretten. Dei fleste som deltek har ikkje aktivt medlemskap i Osterøy IL.

På Osterøy Stadion er det arrangert 8 HTB karusellstevne 116 resultat, 2 HTB kaststevne med 38 resultat og 1 HTB lengdestevne med 4 resultat. 2 MOVA Osterøytrearstevne 3000m baneløp med 79 resultat, 100 resultat MOVA baneløp 600m og 3 resultat på 200m. SUM resultat Osterøy Stadion 340.

Deltakinga frå andre lag enn Osterøy IL har vore mindre enn tidlegare år. Når det gjeld stevne måndagar er det betre deltaking enn på andre dagar. (måndag er normalt og treningsdag).

Startkontingent kr. 60 og gratis for OIL. For påmeldingar i ISONEN frå andre lag er det då automatisk fakturering/betaling. For dei utanfrå som ikkje er påmeldt i ISONEN vert det ikkje betalt ved påmelding der det må etterfakturerast.

ANDRE STEVNE:

Hopp u.t.

1 stevne i Haus med 11 resultat og 2 stevne i Osterøyhallen med 89 resultat.

OM Terrengløp ikkje arrangert i 2025

Brakvatnet halvmaraton og stafett. Deltakinga i stafetten heldt seg nokolunde stabil, medan baneløp svingar. I halvmaraton er det ein markert nedgang over fleire år. Stafetten tek meir og meir over og er også spennande for så vel deltakarar som publikum

Mosjonsløp:

Valestrandsmarka Rundt: 9 løp (402 resultat) og 2 juleløp (117 resultat)

Bergan Bygg Brakvatnet halvmaraton: Brakvatnet baneløp 22 resultat, Halvmaraton 6 resultat og 1 u.t. og stafett 14 lag

Eigne idrettsarrangement og deltaking i kalenderåret:

	2026	2026	2025	2025	2024	2024	2023	2023	2022	2022
	delt	arr	delt	arr	delt	arr	delt	arr	delt	arr
Brakv. Halvm. stafett	0	1	112	1	120	1	88	1	112	1
Brakvanter vinter	0	0	0	0	0	0	3	1	34	4
Brakvatnet baneløp	0	1	22	1	40	1	6	1	17	1
Brakvatnet Halvm	0	1	7	1	12	1	9	1	6	1
Hopp u.t., Haus sk	0	1	11	1	13	1	18	1	7	1
Hopp u.t., Osthall	69	2	89	2	85	2	61	2	41	2
Karusell Ost st	0	3	116	6	109	3	136	5	174	5
Kaststevne, Ost. St	0	2	38	2	55	2	68	2	91	3
Lengdestevne, Ost. St.	0	0	4	1					6	1
Ost3ar + baneløp m.m.	0	2	182	2	110	2	90	2	82	2
Serie, Haus	0	2	267	2	268	2	263	2	136	2
Terrengløp, Haus	0	0	0	0	36	1				

VM jul og nyttår	0	2	117	2	74	2	76	2	25	2
VM karusell	0	10	402	9	429	9	495	9	165	9
SUM	0	27	1367	30	1351	27	1313	29	896	34

Osterøy på tvers nytt arrangement frå Bruvik til Hosanger. Fellestiltak mellom:

Osterøy, Mjøsdaalen, Fotlandsvåg og Bruvik IL. Deltakinga «tok av» i 2024 med 96 i klasse med tid og 230 utan tid. Tilsaman 326. 1. løpet gjekk 3.6.2023 med 60 i klasse med tid og 90 i klasse utan tid. Tilsaman 150.

	2025	2024	2023
	m.t. + u.t.	m.t. + u.t.	m.t. + u.t.
Osterøy på tvers	296 (116+180)	326 (96+230)	150 (60+90)

Deltaking i hopp u.t. og banestevne inne og ute: Deltakarar med medlemsskap i OIL.

	Lisens	1-4 øvingar	5-9 øvingar	10 eller fleire øvingar	Utøvarar med 1000p og meir ulike øvingar
2025	27	75	26	4	2
2024	28	63	22	8	1
2023	35	48	12	6	3
2022	30	21	13	3	4
2021	35	24	10	5	4
2020	32	39	10	1	2

Deltaking i øvingar i hopp u.t. og banestevne inne og ute: Deltakarar som ikkje er medlem av OIL eller av andre idrettslag tilslutta NFIF.

		1-4 øvingar	5-9 øvingar	10 eller fleire øvingar	Utøvarar med 1000p og meir ulike øvingar
2025		77	9	0	0
2024		37	20	0	0
2023		44	17		
2022		49	9		
2021		45	9		
2020		93	16		

Nye lagsrekordar 2025:

2,29,12	Jonas Lillejord	1998	maraton	BCM	250426
---------	-----------------	------	---------	-----	--------

3,45,23	Trygve Feidje Mjelde	1994	1500m	Ravnanger	250803	919
8,03,62	Trygve Feidje Mjelde	1994	3000m	Fana st	250603	937
7,59,73	Trygve Feidje Mjelde	1994	3000m	Bærum	250613	956
13,46,84	Trygve Feidje Mjelde	1994	5000m	Brussel/Belgia	250524	957

1,20,62	Vegard Høylo Trefall	2006	600m-in	Leikvanghallen	250216	1035	
1,19,99	Vegard Høylo Trefall	2006	600m	Osterøy st	250927	1052	
1.50,85	Vegard Høylo Trefall	2006	800m	Osterøy st	250713	1056	894

I tillegg er det sett fleire alders besteresultat.

Desse har oppnådd 1000 poeng denne sesongen (ulike øvingar)

48,17	Vegard Høylo Trefall	2006	400m	Øverlands Minde	250905		1089
1.50,85	Vegard Høylo Trefall	2006	800m	Osterøy st	250713		1056
1,19,99	Vegard Høylo Trefall	2006	600m	Osterøy st	250927		1052
8,34,02	Dagfinn Gjerstad	2006	3000m	Fana st	250514		1024

Mest poeng på 1. laga i serien.

	Poeng 1.lag Gutar	Poeng 1. lag menn S	Poeng 1. lag veteran M	Poeng 1.lag Jenter	Poeng 1. lag kvinner S	Poeng 1. lag veteran K
2025	Matias Hanstveit Nygård 8 res og 5740pg	Trygve Feidje Mjelde 4 resultat og 3700 pg	John Bernes 8 resultat og 4334pg	Natalia Eide Bødvarsdottir 3 res og 2128p	Linnea Bernes Setre 2 resultat og 732pg	Randi Kleppe 5 resultat og 1657pg

OF 2025 (statistisk opplysning) 5 beste resultat

MS 3176p Dagfinn Gjerstad	MV 3071p John Bernes	Gutar 4723p Dagfinn Gjerstad
KS ingen	KV 1657p Randi Kleppe	Jenter 2226p Natalia Eide Bødvarsdottir

Medaljefangsten (meisterskap) 2025:

sølv	3,08,97	Bodil Hjellvik Askeland	1963	800m-in	Nes Arena	250214	kv60-64	Nordisk
sølv	35,35	Bodil Hjellvik Askeland	1963	200m-in	Nes Arena	250215	kv60-64	Nordisk
bronse	15,51	Dagfinn Gjerstad	2006	5km	Knarvik	250621	G-18/19	NM U-20
gull	6,38,61	Dagfinn Gjerstad	2006	2000h 91	Øverlands Minde	250906	G-18/19	UM
bronse	6,45	Eirik Reigstad	2007	lengde	Øverlands Minde	250905	G-18/19	UM
sølv	16,09	Henrik Revheim	1989	5km	Knarvik	250621	mv35-39	NM 5km
gull	3,12,83	John Arne Bernes	1944	800m	Kristiansand	250628	mv80-84	NM masters
bronse	26,09	John Arne Bernes	1944	sp400	Kristiansand	250629	mv80-84	NM masters
gull	6,57,34	John Arne Bernes	1944	1500m	Kristiansand	250629	mv80-84	NM masters
gull	2457pg	John Arne Bernes	1944	5k kamp	Knarvik	250824	mv80-84	NM 5 kamp masters
sølv	6,65	Magnus Reigstad	2003	lengde	Fana st	250815	U-23	NM junior
bronse	17,14	Marius Hauge	1985	5km	Knarvik	250621	mv40-44	NM 5km
gull	9,00	Trygve Feidje Mjelde	1994	3km terreng	Bjerke Travbane	250405	ms	NM
gull	1,55,18	Vegard Høylo Trefall	2006	800m	Fana st	250817	U-20	NM junior
Sølv	1.52.81	Vegard Høylo Trefall	2006	800 m	Øverlands Minde	250907	G18-19	UM
bronse	48,17	Vegard Høylo Trefall	2006	400m	Øverlands Minde	250905	G-18/19	UM
sølv	17,28	Øyvind Johan Haugen Bjordal	1972	5km	Knarvik	250621	mv50-54	NM 5km

Litt om 2025 resultat. I fleire av stevna som Osterøy har arrangert på Osterøy Stadion, Haus idrettsplass og hopp u.t. Osterøyhallen og Haus skule er det mange som ikkje er medlem i Osterøy IL. Desse vert registrert som deltakarar som ikkje er medlem av OIL eller av andre idrettslag tilslutta NFIF.

«Komplette» statistikkar m.m. er oppdatert t.o.m. 2025 er å finna på websida.

Alle seriane føl kalenderåret. Sentralt vert «uterresultat» ført i kalenderåret og innerresultat ført 1.7. til 30.6. Hopp u.t. ute vert og ført som innerresultat sentralt.

Jenter	Krets	Krets	Krets	Krets	Krets
	2025	2024	2023	2022	2021
Elite 50					

1.div 40					
2.div 30	28 15469 nr 5	28 14321 nr 4	25 14278nr 4		
3.div 25				16 11453 nr 2 opp	13 8618p nr 5
4.div 20	18 6369 nr 4				
5.div 15	8 4025 nr 1 opp	12 4348 nr 2 opp	4 1392 nr 15	4 2104 nr 17	
5.div 15	5 2546 nr 4	5 2329 nr 7	3 506 nr 18	4 1570 nr 21	
5.div 15	4 2103 nr 9	4 2167 nr 9		4 360 nr 24	
5.div 15	4 1996 nr 12	4 1918 nr 11			
5.div 15	1 468 nr 14				
Gutar	Krets	Krets	Krets	Krets	Krets
	2025	2024	2023	2022	2021
Elite 60	55 38996 nr 8 ned	55 40804 nr 6			
1.div 50			47 38637 nr 1 opp	48 36526 nr 5	
2.div 40					40 31243p nr 1 opp
4.div 25	17 7059 nr 3 opp	25 13113 nr 3	25 14603 nr 6	25 12460 nr 3	19 9054p nr 5
4.div 25					5 1815p nr 9 ned
5.div 20	6 3748 nr 16	20 6938 nr 9	20 7038 nr 13	17 4889 nr 17	
5.div 20	6 3055 nr 21	11 4842 nr 16	13 3300 nr 18	7 3280 nr 22	
5.div 20	4 1548 nr 27	10 4212 nr 17	8 1747 nr 21	6 2846 nr 26	
5.div 20		7 3770 nr 20		5 1614 nr 29	
5.div 20		6 3474 nr 24			
5.div 20		6 3022 nr 25			
5.div 20		3 1087 nr 32			
Kvinner	Land	Land	Land	Land	Land
	2025	2024	2023	2022	2021
3. div 20	13 3660 nr x	10 3076 nr x	10 4009 nr x	16 6797 nr 98	14 8316p nr 44
Menn	Land	Land	Land	Land	Land
	2025	2024	2023	2022	2021
1.div 30			30 20241 nr 13 ned		
2.div 25		25 16577 nr 12 ned		25 17002 nr 4 opp	25 16804p nr 5 (17379)
3.div 20	20 14505 nr.1 opp	19 5353 nr 143	20 7650 nr 84	20 8361 nr 68	11 5091p nr 85 (6922)
3.div 20	19 6752 nr. 109	5 635 nr x	11 1846 nr x	(12 1777 nr x	10 2977p nr x
KVET	Land	Land	Land	Land	Land
	2025	2024	2023	2022	2021
1.div 15				14 8187 nr 8 ned	11 5869p nr 6 (12 6713)
2.div 10			4 1511 nr 9 ned		
3.div 10	10 3366 nr 2 opp	8 3263 nr 5			
4.div 10		1 98 nr 84			(2 737 nr.27)
MVET	Land	Land	Land	Land	Land
	2025	2024	2023	2022	2021
1.div 20	20 10905 nr 11	20 10900 nr 13 (10869)	20 9655 nr 14	20 12145 nr 11	20 12305p nr 7 (20 12395)
2.div 15					

3.div 15			4 1216 nr 19 ned	9 3237 nr 14	9 3801p nr 10 (9 4960)
4.div 10	9 3076 nr 32/231	7 2028 nr 95 (1684)			(4 2166 nr. 66)
4.div 10	3 602 nr 170/231	2 417 nr (171)			(4 1944 nr. 76)
4.div 10					(4 1489 nr. 100)

Osterøy IL/Friidrett ÅRSPREMIAR Oversikt fleire år:

Mest poeng serien og OF lenger nede.

ÅR	GUTAR Stimulanse	JENTER stimulanse	SENIOR stimulanse	ÅRETS UTØVAR
2025	Even Mathisen		Tor Henning Erdal	Trygve Feidje Mjelde
2024			Henrik Revheim	Trygve Feidje Mjelde
2023		Amalie Hustrulid og Ingri M Birkeland		Trygve Feidje Mjelde
2022	Eirik Reigstad		Daniel Hansen Bruvik	Trygve Feidje Mjelde
2021			Mirjam Mjelde og Aslak Monstad	Trygve Feidje Mjelde
2020				Magnus Gjerstad
2019			Per Ole Mostrøm	Trygve F Mjelde
2018		Anniken Mjelde		Sigrid Borge
2017	Fredrik S Blichfeldt	Marianne Feidje Mjelde		Sigrid Borge

Mest poeng på 1. laga i serien.

	Poeng 1.lag Gutar	Poeng 1. lag menn S	Poeng 1. lag veteran M	Poeng 1.lag Jenter	Poeng 1. lag kvinner S	Poeng 1. lag veteran K
2025	Matias Hanstveit Nygård 8 res og 5740pg	Trygve Feidje Mjelde 4 resultat og 3700 pg	John Bernes 8 resultat og 4334pg	Natalia Eide Bødvarsdottir 3 res og 2128p	Linnea Bernes Setre 2 resultat og 732pg	Randi Kleppe 5 res 1677pg
2024	Eirik Reigstad (5936/7)	Magnus Reigstad (3142/5)	John Bernes (4265/7)	Maren Høvik Haugland (2993/5)	Amalie Nithoer Hustrulid (594/2)	Randi Kleppe (1293/4)
2023	Eirik Reigstad (7871/9)	Magnus Reigstad (3515/5)	John Bernes (3024/6)	Lilly Aasheim Solstad (2829/5)	Mia Mikalsen (764/2)	Mirjam Mjelde (691/1)
2022	Eirik Reigstad (9540/12)	Magnus Reigstad (3213/5)	Arne Mjelde (3809/6)	Lilly Aasheim Solstad (3028/5)	Mirjam Mjelde (1779/4)	Mirjam Mjelde (2775/4)
2021	Magnus Reigstad (7711/8)	Magnus Reigstad (3706/5)	John Bernes (5404/8)	Nora Bergan (4118/4)	Nora Bergan (3025/4)	Helga Reigstad (3118/7)
2020	Magnus Reigstad (4813/6)	Magnus Gjerstad (3528/4)	Øyvind Bjordal (4376/5)	Celina Arbakke (4407/6)	Mirjam Mjelde (1422/3)	Mirjam Mjelde (2183/3)
2019	Magnus Reigstad (5722/6)	Kjetil Stokke (2672/5)	John Bernes (4960/7)	Marianne Feidje Mjelde (6740/9)	Marianne Feidje Mjelde (2950/5)	Randi Kleppe (959/2)
2018	Magnus Reigstad (7570/8)	Magnus Gjerstad (3595/5)	John Bernes (3457/5)	Marie Mostraum (6877/8)	Marianne F Mjelde (2889/5)	Helga Reigstad (2920/5)

OF statistisk opplysning 5 beste resultat

	OF 2025 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3176p Dagfinn Gjerstad, KS ingen MV 3071p John Bernes, KV 1677p Randi Kleppe Gutar 4723p Dagfinn Gjerstad Jenter 2226p Natalia Eide Bødvarsdottir
--	--

OF 2024 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3142p Magnus Reigstad, KS ingen MV 3270p John Bernes, KV 1405p Randi Kleppe Gutar 4894p Vegard Høylo Trefall, Jenter 2993p Maren Høvik Haugland	OF 2023 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3515p Magnus Reigstad, KS ingen MV 2772p John Bernes, KV ingen Gutar 5192p Vegard Høylo Trefall, Jenter 2829p Lilly Aasheim Solstad
--	--

OF 2022 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3287p Vegard H Trefall, KS ingen med 5 res MV 3206p Arne Mjelde, KV Mirjam Mjelde 3216p Gutar 5106p Vegard H Trefall, Jenter 3028p Lilly Aasheim Solstad	OF 2021 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3706p Magnus Reigstad, KS Helga Reigstad 1602p MV 3617p John Bernes, KV Helga Reigstad 2844p Gutar 5125p Magnus Reigstad, Jenter 4129p Nora Bergan
OF 2020 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3099p Øyvind Bjordal, KS ingen MV 4376p Øyvind Bjordal, KV ingen Gutar 4769p Magnus Reigstad, Jenter 3927p Celina Arbakke	OF 2019 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3094p Magnus Reigstad, KS 2948p Marianne F Mjelde MV 4090p Øyvind Bjordal, KV ingen Gutar 4909p Magnus Reigstad, Jenter 4160p Marie Mostrau
OF 2018 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 3595p Magnus Gjerstad, KS 3164p Marie F Mjelde 2889 MV 3521p John Bernes, KV 2042p Randi Kleppe Gutar 5013p Magnus Reigstad, Jenter 4843p Marie Mostrau	OF 2017 (statistisk opplysning) 5 beste resultat MS 2899p Kjetil Stokke, KS 3164p Marie F Mjelde 2544 MV 3279p John Bernes, KV 2170p Randi Kleppe Gutar 4985p Frank Odin Niyokindi, Jenter 4623p Marie Mostrau

BANESTEVNE:

Dei 2 banestevna i Haus har god deltaking i dei yngste klassane med totalt 267 resultat og er viktig for rekruttering til friidretten. Dei fleste som deltek har ikkje aktivt medlemskap i Osterøy IL.

På Osterøy Stadion er det arrangert 8 HTB karusellstevne 116 resultat, 2 HTB kaststevne med 38 resultat og 1 HTB lengdestevne med 4 resultat. 2 MOVA Osterøytrearstevne 3000m baneløp med 79 resultat, 100 resultat MOVA baneløp 600m og 3 resultat på 200m. SUM resultat Osterøy Stadion 340.

Deltakinga frå andre lag enn Osterøy IL har vore mindre enn tidlegare år. Når det gjeld stevne måndagar er det betre deltaking enn på andre dagar. (måndag er normalt og treningsdag). Startkontingent kr. 60 og gratis for OIL. For påmeldingar i ISONEN frå andre lag er det då automatisk fakturering/betaling. For dei utanfrå som ikkje er påmeldt i ISONEN vert det ikkje betalt ved påmelding der det må etterfakturerast.

ANDRE STEVNE:

Hopp u.t.

1 stevne i Haus med 11 resultat og 2 stevne i Osterøyhallen med 89 resultat.

OM Terrengløp ikkje arrangert i 2025

Brakvatnet halvmaraton og stafett. Deltakinga i stafetten heldt seg nokolunde stabil, medan baneløp svingar. I halvmaraton er det ein markert nedgang over fleire år. Stafetten tek meir og meir over og er også spennande for så vel deltakarar som publikum

Mosjonsløp:

Valestrandsmarka Rundt: 9 løp (402 resultat) og 2 juleløp (117 resultat)

Bergan Bygg Brakvatnet halvmaraton: Brakvatnet baneløp 22 resultat, Halvmaraton 6 resultat og 1 u.t. og stafett 14 lag

Eigne idrettsarrangement og deltaking i kalenderåret:

	2026	2026	2025	2025	2024	2024	2023	2023	2022	2022
	delt	arr	delt	arr	delt	arr	delt	arr	delt	arr
Brakv. Halvm. stafett	0	1	112	1	120	1	88	1	112	1

Brakvanter vinter	0	0	0	0	0	0	3	1	34	4
Brakvatnet barneløp	0	1	22	1	40	1	6	1	17	1
Brakvatnet Halvm	0	1	7	1	12	1	9	1	6	1
Hopp u.t., Haus sk	0	1	11	1	13	1	18	1	7	1
Hopp u.t., Osthall	69	2	89	2	85	2	61	2	41	2
Karusell Ost st	0	3	116	6	109	3	136	5	174	5
Kaststevne, Ost. St	0	2	38	2	55	2	68	2	91	3
Lengdestevne, Ost. St.	0	0	4	1					6	1
Ost3ar + barneløp m.m.	0	2	182	2	110	2	90	2	82	2
Serie, Haus	0	2	267	2	268	2	263	2	136	2
Terrensløp, Haus	0	0	0	0	36	1				
VM jul og nyttår	0	2	117	2	74	2	76	2	25	2
VM karusell	0	10	402	9	429	9	495	9	165	9
SUM	0	27	1367	30	1351	27	1313	29	896	34

Osterøy på tvers nytt arrangement frå Bruvik til Hosanger. Fellestiltak mellom: Osterøy, Mjøsdaalen, Fotlandsvåg og Bruvik IL. Deltakinga «tok av» i 2024 med 96 i klasse med tid og 230 utan tid. Tilsaman 326. 1. løpet gjekk 3.6.2023 med 60 i klasse med tid og 90 i klasse utan tid. Tilsaman 150.

Vurderingar av aktivitet opp mot målsetjingar:

Dei viktigaste målsetjingane til gruppa har dei siste åra vore ordna økonomi, å leggja til rette for aktivitet tilpassa den enkelte sine ambisjonar og aktivt bidra til folkehelse gjennom arrangement retta mot mosjonistar. Styret meiner ein på mange måtar har lukkast i å nå målsetjingane. Samstundes ligg det eit potensiale i å få til auka aktivitet på alle nivå og for alle alderstrinn. Dette gjeld spesielt aldersgruppa 13-25 år der me har få aktive medlemmer.

Styret i Osterøy IL friidrettsgruppa vil takka aktive, trenarar, funksjonærar, sponsorar og alle andre som har stilt opp for gruppa i 2025.

Oppsummering frå medlems/årsmøtet 3.3.2026 i Osterøy IL friidrettsgruppa:

Osterøy IL friidrettsgruppa heldt årsmøte den 3.mars 2026 i Klubbhuset med 13 frammøtte, der mellom anna heile styret var representert. Alle sakene på saklista vart samrøystes godkjende. Det vart gjort små endringar i den framlagte årsmeldinga.

Årsmeldinga for 2025 synte at friidrettsgruppa har hatt brei og god aktivitet gjennom året. Styret har hatt fokus på både dagleg drift, arrangement og vidare utvikling av tilbodet, særleg for dei yngste. Det har vore høg aktivitet i gruppa, med mange treningar, stevne, stafettar og mosjonsløp, og gruppa har også hatt god hjelp av trenarar, dommarar, funksjonærar og andre eldsjeler som gjer ein stor innsats for friidretten på Osterøy.

Årsmeldinga viser også at friidrettsgruppa har ein solid økonomi. Rekneskapen vart lagd fram med eit overskot på om lag 60 000 kroner, og det vart samstundes lagt fram eit budsjett for 2026 som legg opp til å gå i balanse. Dette gjev gruppa eit godt grunnlag for vidare aktivitet og utvikling. Sportsleg har 2025 vore eit aktivt og godt år, med mange sterke prestasjonar både blant rekruttar, ungdom, juniorar, seniorar og veteranar. Gruppa har hatt deltakarar og gode resultat i ei rekkje stemne og meisterskap, og Osterøy IL har markert seg både lokalt, regionalt og nasjonalt. Samstundes må det nemnast at framleis er det eit potensial for å styrkja aktiviteten, særleg i aldersgruppa 13-25 år.

Under valet vart heile styret gjenvalt, noko som viser kontinuitet og tillit til det arbeidet som er lagt ned.

Etter at dei formelle årsmøtesakene var avslutta, var det ordet fritt. Då kom det opp spørsmål kring tribuna på langsida av Osterøy stadion. Det vart peika på at tribuna no er i ein slik stand at ho må seiast å vera mogen for rehabilitering. Dette handlar både om inntrykket av anlegget og om funksjonen tribuna har for publikum, utøvarar, arrangement og lokalmiljøet elles. Ei oppgradering vil vera viktig for å ta vare på stadion som samlingsplass og som arena for friidrett, fotball og andre aktivitetar.

Det vart understreka at Osterøy kommune, som eigar av anlegget, har eit særleg ansvar for å ta tak i denne saka. Samstundes er dette noko som også vedkjem dei andre laga som nyttar stadion og anlegget. Skal ein lukkast med å få tribuna rusta opp, vil det vera naturleg med eit samarbeid mellom kommunen og brukarane av anlegget. Årsmøtet peika difor på at dette er ei sak som bør løftast vidare, slik at ein kan få på plass ei vurdering av tilstanden og ein plan for nødvendig rehabilitering.

Lonevåg 3.mars 2026

Åse Bergheim

Nestleiar - skrivar